

Referat frå årsting i Møre og Romsdal skytterkrets i 2018

Molde, laurdag 10. februar 2018 frå kl 12:00

Sak 1: Godkjenning av frammøtte representantar

Det møtte 29 representantar frå klubbar og styret. Alle blei godkjende med stemmerett.

Sak 2: Godkjenning av innkalling, sakliste og forretningsorden

Innkalling, sakliste og forretningsorden blei godkjende.

Sak 3: Val av dirigent, referent samt 2 representantar til å underskrive protokollen

Helge Kristiansen blei vald til dirigent, Are Berg til referent. Jan Arve Wiik og Arne Thomas Wiik blei valde til å signere protokollen.

Sak 4: Årsberetningar for 2017

Årsberetning for Møre og Romsdal skytterkrets blei lesen.

Dei som uttalte seg ville behalde Hembre-statistikken.

Det blei kommentert at det har vore ei stigning i talet på medlemar i klubbane på 9 % dei siste åra og at det er ei fin stigning.

Resultata i Kretscupen på skyttarkretsen si nettside må oppdaterast oftare enn i 2017.

Med dei tillegga blei Årsberetning 2017 for Møre og Romsdal skytterkrets c.

Årsberetning Pistol blei lesen og vedteken utan endringar.

Årsberetning Rifle blei lesen og vedteken utan endringar.

Årsberetning Leirdue blei lesen og vedteken utan endringar.

Årsberetning utdanningskontakt blei lesen.

Kretsen må vurdere å starte kurs for rifledommarar utan krav til tal på deltakarar.

Med det tillegget blei Årsberetning for utdanningskontakt vedteken.

Sak 5: Behandle kretsen sitt rekneskap for 2017

Kasserar Rolf Toven las opp revisors beretning som var utan merknadar til årsmøtet.

Toven forklarte også resultat- og balanserekneskapen for årstinget.

Rekneskap for 2017 blei vedteke.

Sak 6: innkomne forslag

Langtids- og virksomhetsplan

Lova seier at skyttarkretsen må ha ein Langtids- og virksomhetsplan godkjend av årstinget. Forslag blei vist for tinget og lese. Dokumentet blir sendt på epost til klubbane og lagt på skyttarkretsen sin nettside. Det framlagde forslaget blei godkjend.

Sak 7: Fastsette kretskontingent for 2018

Kretsstyret la fram forslag om å halde kontingenten for 2018 uendra på kr 60,- per medlem over 20 år. Forslaget blei vedteke samrøystes.

Sak 8: Budsjett for 2018

Rolf Toven forklarte budsjettforslaget. Det blei vedteke samrøystes.

Sak 9: Engasjere revisor

Kretsstyret la fram forslag om å engasjere Nordmøre Revisjon Kristiansund ved registrert revisor Odd E. Futsæter som revisor også for 2018. Forslaget blei vedteke samrøystes.

Sak 10: Val

Jon Arne Brekken las opp valkomiteen sitt forslag til tillitsvalde.

Etter samrøystes val er dette dei tillitsvalde i Møre og Romsdal skytterkrets for 2018:

Styret

Leder	Helge Kristiansen	Sunddal PK	Gjenvald for 1 år
Nestleder	Are Berg	Ørsta/Volda PK	Vald for 1 år
Styremedlem	Rolf Toven	Neset PK	Gjenvald for 2 år
Styremedlem	Sigbjørn Bredesen	Kristiansund PK	Gjenvald for 2 år
Styremedlem	May Britt Jensen	Kristiansund PK	Ikkje på val
Styremedlem	Hilde A. Sæther	Sunddal PK	Ikkje på val
Varamedlem	Tore Gundersen	Vigra og Valderøy PK	Gjenvald for 2 år
Varamedlem	Svein Krakeli	Eide/Fræna PK	Vald for 2 år
Varamedlem	Olga Pavlova	Molde PK	Ikkje på val
Varamedlem	Karoline Hansen	Storfjorden SSL	Ikkje på val

Kontrollkomité

Medlem	Steinar Staurset	Fannefjord PK	Gjenvald for 1 år
Medlem	Morten Bergheim	Kristiansund PK	Vald for 1 år
Varamedlem	Geir Liljevold	Vigra og Valderøy PK	Gjenvald for 1 år
Varamedlem	Geir Øverås	Vestnes PK	Gjenvald for 1 år

Valkomit 

Leiar	Jon Arne Brekken	Sunddal PK	Gjenvald for 1 år
Medlem	Bjørn Egil Larsen	Vigra og Valderøy PK	Gjenvald for 1 år
Medlem	Olaf Isaksen	Kristiansund PK	Gjenvald for 1 år
Varamedlem	Pr Haugnes	Kristiansund PK	Gjenvald for 1 år


Sak 11: Utdeling av medaljar og pokalar for 2017

Rolf Toven og Sigbjørn Bredesen delte ut medaljar og pokalar til vinnarar i kretsmeisterskap i pistolskyting og kretscupen. Medaljar til vinnarar av kretsmeisterskap i rifleskyting blir delt ut seinare.

Ørsta, 27. februar 2018. Referent: Are Berg

Signatur valde tingdeltakarar:


Jan Arve Wiik


Arne Thomas Wiik